



Vest-Telemarkrådet
Kviteseidgata 18 Kviteseidgata 18
3850 KVITSEID

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Bjerkeseth Vindvad, 33372320

Att. Anne Aasmundtveit

Fråsegn - felles interkommunal klimaplan - kommunane i Vest-Telemark - Vinje - Seljord - Nissedal - Fyresdal - Kviteseid og Tokke

Vi viser til oversending datert 17.12.2021.

Saka gjeld

Saka gjeld utkast til felles kommunedelplan for klima 2022–2030 for Vest-Telemarkkommunane. Utkastet er lagt ut på høyring og offentlig ettersyn i medhald av pbl §§ 9-3 og 11-4.

Vest-Telemarkrådet er sekretariat for høyringsprosessen og ansvarleg for å gjennomføre høyringa i tråd med saksutgreiinga. Vedtak om høyring og offentlig ettersyn vart fatta i aktuelt planutval i kommunane Tokke, Kviteseid, Fyresdal, Seljord og Vinje.

Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltarens fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, helse og sosial, interessene til barn og unge, og interesser knytt til gravplassar.

Fagavdelingane si vurdering

Generelt

Hovudutsløppskjelder av klimagassar i Vest-Telemark er annleis enn for fylket Vestfold og Telemark samla. Meir enn halvparten av utsløppa i den ikkje-kvotepliktige sektoren i Vest-Telemark kjem frå vegtrafikk, og omtrent en tredel frå jordbruket. Elles i fylket er industri, olje og gass store kjelder til utsløpp. Vi ser at Vest-Telemark-kommunane har fokus på at andre utfordringar krev andre løysingar.

I klimaplanen er målet til utsløppsreduksjon for Vest-Telemark, eller for dei ein skilde kommunane som planen omfattar, ikkje definert. Vi ser det som ønskeleg at det blir definert eit konkret mål for reduksjon av klimagassutsløpp, både for den ein skilde kommune og for kommunane samla sett. Dette for å kunne jobbe målretta med utsløppsreduksjon. Eksempelvis er det sentralt sett mål om



reduksjon i klimagassutslepp på 45 % innan 2030 (Klimaplan 2021-2030), og fylkeskommunen har sett mål om at dei skal kutte utslepp med rundt 60 % innan 2030. Ei talfesta målsetting for Vest-Telemarkkommunane vil gje noko å strekke seg etter og måle endringar, sjølv om utsleppa i Vest-Telemark er annleis samansett enn i resten av fylket.

Klimaplanen bygger på eit breitt grunnlag og ser på fleire område innan areal og naturbruk som del av klima- og energiarbeidet. Vi er nøgde med at det er lagt til grunn og gir eit større bilete i årsak og verknad. Her får ein også eit breiare handlingsområde for å oppnå gode klimatiltak.

Areal

Klimaplanen har ein grundig gjennomgang av samanhengen mellom utfordringar i bruken av areala og naturressursane, og klimautfordringane vi står i. Det blir framheva sterkt at vi ikkje berre står i ei klimakrise men òg i ei naturkrise, og at desse må løysast heilskapleg. Det internasjonale Naturpanelet (IPBES) har framheva tapet av naturmangfald som ein like stor trussel som klimaendringane. Arealendringar som inneber tap og fragmentering av leveområde er den klart største trusselen mot naturmangfaldet.

Naturareala er vidare viktige både fordi dei bind karbon i stor grad. Areal som med fjell, skog, myr, våtmark og matjord bind i stor grad karbon, men er og grunnlag for økosystem som legg til rette for å bevare naturmangfald som opprettheld grunnlaget for artar og naturtypar og som vil kunne vere ein buffer mot ekstremvær.

Planen trekk fram at bit-for-bit nedbygging av naturen gjennom bygging av fritidsbustader er ein av dei viktigaste årsakene til tap av natur og biologisk mangfald. Vi hadde derfor forventa auka fokus i planen på arealplanlegging som eit viktig verkemiddel for å ta vare på naturareala, og sette spørsmål ved den massive utbygginga av særleg fritidsbustader som vi har sett fleire stader. Det blir vist til delingsøkonomi, bygge tettare og meir skånsamt med mindre arealinngrep, men vi hadde ønskt meir fokus på arealplanlegging som verktøy ikkje berre for utvikling men og for bevaring av natur og areal. Fortetting og transformasjon bør vurderast framfor nedbygging av nye naturområde, jf. *Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging* (2014).

Ved vurdering av om det skal opnast for utbygging, må det takast omsyn til klimagassutslepp frå endra arealbruk. Nedbygging eller omdisponering av naturområde som skog og myr, som inneheld store lagre av karbon, medfører auka klimagassutslepp og reduserer samtidig framtidig opptak av karbon frå dei aktuelle areala. Desse naturtypene er og viktige for naturmangfald og klimatilpassing. Det er derfor viktig at dette blir følgd opp med konkrete tiltak for å hindre avskoging og nedbygging av myr, for eksempel forbod mot bygging på myr. Vi oppmodar òg om at kommunane ved rullering av arealplanar vurderer på nytt eldre, ikkje-realiserde utbyggingsområde som er avsett på karbonrike areal. Det er med rette peika på kartlegging og auka kompetanse på naturmangfald som ein prioritet i alle kommunar.

Vi vil og peike på dei moglegheitene som ligg i restaurering av karbonrike areal, som skog og myr, som del av klimaarbeidet.

Signalartar

Klimaplanen har trekt fram to signalartar i Vest-Telemark, storaure og villrein, artar som dersom dei forsvinn eller blir vesentleg redusert i eit område kan vere teikn på at den menneskelege påverknaden er for stor.



I omtalen om villrein går det fram at tiltak som kan påverke villreinen bør oversendast villreinnemnda som høyringsinstans. Vi vil her oppmode om at også fylkeskommunen og Statsforvaltaren får tilsendt planar og dispensasjonssøknader som rører villreininteressene til uttale.

Klimatilpassing

Omtalen av klimatilpassing i arealkapittelet s. 19-20 er kortfatta, men samtidig god og presis. Her er det ønskeleg at det blir lagt inn ei avsnittsoverskrift slik at temaet kan visast i innhaldsoversikta. Temaet er så viktig at det kan fortene det.

Vi oppmodar vidare at det i plankapittelet blir lagt inn tilvisingar til den enkelte kommune sin heilskapelege ROS-analyse, areal-ROS (om dei har), og dei klimaendrings- og klimatilpassingsomsyn som må takast i samband med analysane der.

Statsforvaltaren skal følgje opp *Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018). Klimaomsyn i arealplanlegging er særleg viktig. Mogleg nyttig informasjon som ikkje er lista i referanselista til klimaplanen for Vest-Telemark er [Miljødirektoratets regnskap for utslipp og opptak av klimagasser fra arealbruk og arealbruksendringer](#), Miljødirektoratets rettleiarar [Klimavennlig lokalisering i arealplanlegging](#) og temaside om [Klimatilpassing](#), og støtteordninga for klimatiltak [Klimasats](#).

Jordbruk

Jordbruket blir beskrive både som årsak til og løysing på klimaarbeidet. Vi er nøgde med at det er lagt eit godt kunnskapsgrunnlag for landbruket i klimaplanen. Rapporten viser til jordbruket i Vest-Telemark, dei typiske trekka ved areala og utfordringane for dei. Det er lagt stor vekt på grovfôrareala, utmarksressursar og kulturlandskapa, saman med eigedomstilhøve og strukturar i landbruket. Kunnskap om karbonbinding i beiteområde, albedoeffekt og artsmangfald i desse områda er saman med verdien av matproduksjon lokalt, understrekar at ein må gjere gode klimavurderingar for jordbruksareala for å møte klimaendringane.

Planen viser til omdisponeringstal, og vi vil minne om dei nye skjerpa jordvernmåla som legg til grunn ei årleg omdisponering på under 3000 daa dyrka mark innan 2025. Det tyder at jordbruksareala er ein ressurs som må takast endå sterkare vare på for framtida, og her legg ein heile arealressursen til grunn frå fjord til fjell.

Satsinga på *Areal ute av drift* kan spele ei viktig rolle for Vest-Telemarkskommunane i klimaarbeidet. Satsinga har ferske resultat frå 2021. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vil fylgje opp satsinga i 2022 mot alle kommunane i fylket. Her har fjellkommunane i Telemark fått ein svært god kunnskap om tilstanden på jordbruksareal som ikkje søker produksjonstilskot. Dei har kartfesta og klassifisert areala etter grad av tilstand.

I lys av mål om auka sjølvforsyning både i eit klimaperspektiv og eit berekraftperspektiv er det viktig å nytte desse resultatata aktivt i arbeidet med handlingsplan for klima. Arbeidet gir kommunane ein unik reiskap for å følgje opp jordbruksareal som ikkje er halden i hevd. Vurderingskriteria for desse areala vil kunne seie noko om verdien av vidare drift eller anna berekraftig bruk. I dette er klimaperspektivet eit viktig vurderingskriterium både i høve til karbonbinding og albedoeffekt, og for kulturlandskap, arealbruk og auka lokal matproduksjon. Det er mange sider av arbeidet som treng fagleg god vurdering i kommunane.



Som del av satsinga får ein og kunnskap om fôrhausting over lange køyreavstandar, gjerne på tvers av ein eller fleire kommunar. Denne kunnskapen er viktig å ta med inn i arbeidet med klimaplanen, og tiltak knytt til utslepp.

Arbeidet med areal ute av drift dokumenterer på ein ny måte omfanget av areal som ikkje søker produksjonstilskot og tilstanden på desse areala. Vi meiner at dette må leggjast til grunn i handlingsplanen og setjast inn målretta tiltak i kommunane.

Skogbruk

Omtalen av skogen i klimaplanen viser til den viktige rollen skogen har i klimasamanheng, både som bindar av karbon, men og som erstatning for produkt som stål, betong og olje.

Det er svært positivt at det fokuserast på å byggje opp ein god framtidsskog gjennom målretta skogskjøtsel. Her kunne det med fordel ha vore sett kommunevise mål i form av plantetal, markberedningsareal og ungskogpleieareal.

Vi saknar tiltak i skogbruket som gjødsling og tiltak for å redusere spreining av rotråte. Gjødsling er eit hurtigverkande klimatiltak gjennomført 10 – 15 år får sluttavverking, og som vil ha små konsekvensar i denne regionen for vassdraga.

Stubbebehandling for å redusere råte i neste tre-generasjon er eit langsiktig klimatiltak. Faktum er at kvart 5. grantre som blir avverka i dag har rotråte. Råtefri skog har betydeleg høgare del sagtømmer.

Trebruk er omtalt i samband med offentleg innkjøp. Landbruket er sjølv ein «stor byggherre» som bør ha som målsetting å bygge med fornybare material.

Berekraftsmål

Regjeringa har vedtatt at FN's berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. For Noreg er dei største utfordringane knytt til berekraftsmåla om klimagassutslepp, natur, ressursbruk og forbruk. Kommunane har eit særskilt ansvar for å følgje opp berekraftsmåla. Ifølge FN kan to tredeler av delmåla berre nås gjennom lokal innsats. Her er kommunane sin innsats og kunnskap avgjerande for å kunne konkretisere arbeidet, identifisere målkonflikt og treffe dei rette tiltaka.

Det er positivt at berekraftsmåla ligg til grunn for klimaplanen, og at utfordringane samfunnet står overfor blir sett i samanheng.

Handlingsplan

Klimaplanen omfattar mykje kunnskap og fakta for regionen, og er eit godt grunnlagsdokument. Likevel er status til handlingsplanen noko uklar for oss. 'Forslag til tiltak i ein handlingsplan' er bra som grunnlag for kommunane sine eigne handlingsplanar. Dersom handlingsplanen som er beskrive i klimaplanen skal vere den heilskaplege handlingsplanen for regionen, synest vi at den er kort og for lite dekkande. Vi anbefalar at kommunane lager ein meir konkret handlingsplan, og at handlingsplanen blir oppdatert regelmessig, kvart 4. år.

Til 'Forslag til tiltak i ein handlingsplan', har vi følgjande innspel:

Arealforvaltning: Det blir lagt vekt på karbonrike areal, som skog og myr. I den samanhengen anbefalar vi å ta inn tiltak som avgrensar bygging på myr.



Jordbruk: Karbonbinding i jord blir nemnd i klimaplanen som ein viktig faktor for å ta opp meir karbon, men dette går ikkje fram som forslag til tiltak i handlingsplanen. Det same gjeld for albedoeffekten, som blir nemnd i planen som viktig prosess for å redusere den globale auken i gjennomsnittstemperatur.

Generelt: Det å utarbeide ein klimarekneskap, og eventuelt eit klimabudsjett, er nyttige verktøy som kommunane kan bruke for å redusere klimagassutslepp. For å få hjelp til denne prosessen anbefaler vi å melde seg inn i Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark, for dei kommunane som enno ikkje er medlem.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
fung. direktør i miljøavdelinga

Kristin Bjerkeseth Vindvad
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestfold og Telemark
fylkeskommune

Postboks 2844 3702 SKIEN